

Høyringsutkast

Forskrift om satsar for berekning av grunntilskot til private barnehagar i Gloppen kommune for 2027.

Fastsett av Hels- og oppvekstutvalet i Gloppen kommune xx.xx.xxxx med heimel i [lov 17. juni 2005 nr. 64 om barnehager \(barnehageloven\)](#) §§ 19 og 19a og Forskrift 23. mars 2026 nr. 454 om finansiering av private barnehager (finansieringsforskriften) § 1 , jf. § 6 og [§ 17 første ledd og § 18 første ledd.]

§ 1. Verkeområde og iverksetjing

Forskrifta fastset satsar for berekning av grunntilskot til private barnehagar i Gloppen kommune for tilskotsåret 2027.

Forskrifta gjeld for private ordinære barnehagar i kommunen som har rett til tilskot etter barnehagelova § 19, første og andre ledd.

Forskrifta trer i kraft 01.01.2027.

§ 2. Satsar for grunntilskot

Ved berekning av grunntilskot til private barnehagar vert følgende satsar nytta per heiltidsplass.

Ordinære barnehagar:

Barn 0-2 år: kroner 306 265,- pr. år.

Barn 3-6 år: kroner 164 758,- pr. år.

§ 3. Berekningsgrunnlaget og atterhald om endringar

Satsane er berekna på grunnlag av det siste tilgjengelege kommuneregnskapen som er regnskapsåret 2025.

For ordinære barnehagar er satsane berekna ut ifrå kommunen sine ordinære driftsutgifter i tilsvarende kommunale barnehagar, med dei frådraga og påslag som følger av barnehagelova § 19a og finansieringsforskrifta.

Foreldrebetaling for kommunale barnehagar er trekt frå berekningsgrunnlaget.

Satsgrunnlaget er indeksregulert med kommunal deflator (som er forventa pris- og lønnsvekst i kommunesektoren)

Kommunen tek atterhald om at satsane kan justerast dersom:

- Stortinget vedtar endringar i kommunal deflator
- Stortinget vedtar endringar i maksimalpris for foreldrebetaling
- kommunen vedtar lågare foreldrebetaling enn nasjonal maksimalpris
- Nasjonale myndigheiter vedtar endringar i lov og forskrift i løpet av tilskotsåret som medfører endringar i berekningar av satsar.

Eventuelle justeringar av satsar på grunn av forhold nemnt over, vert gjort administrativt utan førehandsvarsel jf. forvaltningsloven §37, fjerde ledd, bokstav c. Justerte satsar formidlast til private barnehagar og forskrift oppdaterast utan unødige opphald.

§ 4. Dokumentasjon på berekninga

Berekninga av satsane er gjort i samsvar med gjeldande regelverk og grunnlaget er synleggjort i rekneark «Tilskotsmal private barnehagar 2027 versjon1» utarbeidar av PBL og KS. Dokumentet ligg ved saka og vert sendt til dei private barnehagane direkte når forskrifta vert lagt på høyring.

§ 5. Enkeltvedtak om kommunalt tilskot

Tilskotet til den enkelte private barnehage vert fastsett som enkeltvedtak etter barnehageloven §§ 19a-c, og finansieringsforskriftens § 3, med grunnlag i satsane fastsett i denne forskrifta.